

SAK 06/24 STRATEGISK PLAN 2025 - 2028

Saksopplysning:

Hallingdal har hatt eit formelt interkommunalt samarbeid sidan 1952 og fekk sin første regionplan i 1973. Den første strategiske planen for Hallingdal vart vedteken i slutten av 1997 og sidan har den vorte rullert om lag kvart 4. år.

Gjeldande strategiske plan 2021-2024 vart vedteke av Hallingtinget 28. okt. 2021 og sidan har handlingsplanen vore justert eit par gonger. Strategisk plan skisserer mål og tiltal for å vidareutvikle Hallingdal, det gode samarbeidet mellom kommunane i dalen, men tar også ta omsyn til fylkeskommunen, regionale planar og nasjonale føringar. I tillegg er FN sine berekraftsmål sentrale i utforming av mål og innsatsområde.

Formål med strategisk plan

Strategisk plan for Hallingdal er ein overordna plan som tek stilling til dei utfordringane regionen står overfor og som gir retning og prioritet på det regionale utviklingsarbeidet framover. Planen skisserer satsingsområde og strategiar for å nå måla, og er konkret på kva me ønskjer å oppnå når planen er gjennomført. Til planen er det utarbeidd ein handlingsplan. Denne er meir detaljer på tiltaksnivå, har ein fireårig horisont, men med vekt på dei første par åra.

Det første året i ny regionrådsperiode, skal ein vurdere behovet for rullering/revisjon av den gjeldande strategiske planen (sjå vedlegg). I denne saka blir Hallingtinget invitert til å vurdere om gjeldande plan skal rullerast, og ev kva skal rullerast og i kva omfang.

VURDERING

Kunnskapsgrunnlag

Dagleg leiar meiner at kunnskapsgrunnlaget må justerast og at det i seg sjølv er nok til at planen bør rullerast.

Kvar vil vi? Hovudmål

Mål eller målsetting er ein klar ide eller intensjon om kva ein ønskjer å vera eller oppnå i på eit gitt framtidig tidspunkt. Mål kan gi retning til vidare arbeid og styre utviklinga mot målet. Mål er det ønska sluttresultatet, medan strategi, tiltak og oppgåver er framgangsmåten som vert brukt for å oppnå målet.

I gjeldande plan er det sett følgjande hovudmål

«Hallingdal er ein attraktiv, framtidsretta og produktiv region, der alle har moglegheit til å leva eit godt liv, som innbyggjar, hyttehalling og besøkande»

Det betyr at me har fleire arbeidsplassar, positiv folketalsutvikling, betre livskvalitet og lågare klimautslepp når planen slutter enn når det tek til.

Til drøfting: MÅL

Skal hovudmålsettinga i gjeldande strategiske plan endrast, justerast, eller spissast?

Innsatsområde og resultatmål

Kva har Hallingdal behov for å samarbeide om for å nå dei langsiktige måla?

Ut ifrå kunnskapsgrunnlaget og utfordringsbilete i Hallingdal har me skissert innsatsområdet som er næringsrelaterte og utviklingsorienterte og som handlar ting som er viktige for at folk skal koma hit, trivast her og bli her. I gjeldande strategiske plan vart det vedtatt 5 innsatsområde:



1. Næringsliv
2. Attraktivitet og omdømme
3. Infrastruktur
4. Klima og miljø
5. Tenesteutvikling

Til kvar av innsatsområda er det utarbeidd resultatmål og til resultatmåla er det laga handlingar som må gjerast for å nå måla. Dagleg leiar er ganske sikker på at me bør ha innsatsområde som dekkjer næringsliv og arbeidsplassar, rekruttering/kampen om arbeidskrafta, bulyst/blilyst og infrastruktur. Det har kome klare signal om at tenesteutvikling bør endrast eller spissast og så må ein drøfte om mål og tiltak på klima/miljø skal vera dei same som i klimaplanen, eller om dette skal takast ut av strategisk plan

Til drøfting: Innsatsområde – og resultatmål

Kva innsatsområde skal Hallingdal samarbeide om for å nå dei langsiktige måla for Hallingdal – same som i dag eller endring?

Er det resultatmål de meiner allereie no ønskjer å ha inn?

Verdigrunnlag

Korleis ønskjer me at regionen og folk i dalen skal framstå eller bli oppfatta av andre?

For å nå måla skal samarbeidet i Hallingdal ta utgangspunkt i eit felles verdigrunnlag som seier noko om korleis me vil at regionen og dei som bur her skal framstå eller bli oppfatta av andre. Desse haldningane skal prege samarbeidet i eigen organisasjon, mellom kommunane i Hallingdal, og samarbeidet med andre. Regionen har tidlegare vore einige om å ikkje ha ein visjon, men eit felles verdigrunnlag.

Leiken - ekte – fri – frisk

Til drøfting: VERDIGRUNNLAG

Er Hallingtinget einig i at me fortset med same verdigrunnlag som før?

Prosess, forankring og involvering

Når gjeldande plan vart utarbeid vart det involvert breitt. Politikarar, kommuneadministrasjon, næringsliv, lag, organisasjonar, frivillige osv. Oppbygging av planen, med verdiar, hovudmålseting, innsatsområde med resultatmål og handlingsprogram har fungert godt som styringsdokument for administrasjonen i Regionrådet. Det er noko ulikt korleis kommunane har nytta plane, korleis den er innført og kor kjent den er. Involvering av næringsliv, frivillige, lag og foreiningar kan ivaretaast gjennom næringsforum, bu- og blilystforum osv. Dagleg leiar foreslår ei rullering med mindre involvering av næringsliv, lag og organisasjonar og meir involvering av kommunane

Forankring, innarbeiding i kommunale planar og kor forpliktande ein regional plan skal vera er det ulike oppfatningar om. Planen skal skissere kva kommunane må eller ønskjer å samarbeide for å få til utvikling. Det er derfor ønskjeleg at måla er realistiske og at handlingsplanen er gjennomførbar og at det er evne og vilje til å gjennomføre det som planen skisserar. Hallingtinget skal ta stilling til om det som står i planen er det Hallingdal treng og det me ønskjer å samarbeide om.

Til drøfting: forankring og involvering

Korleis kan innhaldet i Strategisk plan bli innarbeid i kommunal verksemd

Kor forpliktande skal innhaldet vera?

Tentativ Tidsplan for arbeidet

19. april 2024	Oppstart
Mai - August 2024	Administrativ prosess
August - sept 2024	Prosess i Regionråd
24. okt. 2024	Vedtak i Hallingtinget

Forslag til vedtak:

Hallingtinget ber administrasjonen starte rullering av Strategisk plan for Hallingdal med dei føringane som blir gitt i dagens møte

Hallingdal, 15. april. 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg:
Strategisk Plan Hallingdal 2021-2024

Strategisk Plan Hallingdal 2021-2024

Innleiing

Hallingdal har hatt eit formelt interkommunalt samarbeid sidan 1952 og fekk sin første regionplan i 1973, først ut i landet. Den første strategiske planen for Hallingdal vart vedteken i slutten av 1997 og sidan har den vorte rullert kvart 4. år. I Strategisk Plan 2021-2024 tek me sikte på å vidareutvikle det gode samarbeidet mellom kommunane i Hallingdal, men me vil også ta omsyn til partnarskapsavtala med Viken fylkeskommune, regionale planar og nasjonale føringar. I tillegg har FN sine berekraftsmål vore sentrale i utforming av mål og innsatsområde.

Bakgrunn

I vedtektene til Regionrådet § 8 står det at det skal utarbeidast plan med ein langsiktig mål- og strategidel og eit handlingsprogram.

Strategisk plan (SP) for Hallingdal 2021-2024, erstattar gjeldande Strategiske plan for Hallingdal 2017-2020 og handlingsprogrammet frå 2019. SP er resultat av ein prosess som har involvert politisk og administrativ leiing i alle kommunar, næringsliv, lag og organisasjonar, frivillige og Regionrådet.

Formål med Strategisk plan og handlingsplan

Strategisk plan for Hallingdal skal vera ein overordna regional plan som tek stilling til dei utfordringane regionen står overfor og som gir retning basert på det regionale utviklingsarbeidet fram mot 2024. Planen skisserer satsingsområde og strategiar for å nå måla, og er konkret på kva me ønskjer å oppnå når planen er gjennomført.

Til planen er det utarbeidd ein handlingsplan. Denne er meir detaljer på tiltaksnivå, har ein fireårig horisont, men med vekt på dei første par åra.

Det første året i ny regionrådsperiode, skal ein vurdere behovet for rullering/revisjon av den overordna strategiske delen. Handlingsplanen blir revidert/oppdatert kvart år.

FNs berekraftsmål


FNs berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringar innan 2030. Berekraftsmåla inngår i FN's Agenda 2030 og består av 17 mål for ei berekraftig utvikling, samt ei erklæring om korleis verda skal oppnå denne utviklinga innan 2030.

I strategiske plan for Hallingdal her me vektlagt følgjande berekraftsmål




Folkestalsutvikling, alderssamansetjing, flyttemønster

Folkestalsutviklinga i Hallingdal har dei siste ti åra vore tilnærma status quo. Eit forhold som spelar inn i statistikken er asylmottaka i Hallingdal der personar som hadde fått varig opphald er med i statistikken. Spesielt i 2015 – 2017 var det svært mange på mottak i Hallingdal, og dei fleste mottaka vart lagt ned i 2017-18. Grovt sett er det Hemsedal som har hatt folkestalsauke og Nesbyen som har hatt ein folkestalsnedgang.



Like viktig eller kanskje viktigare er det å sjå på alderssamansetning og endringar over tid. Statistisk sentralbyrå (SSB) si framskriving av folketalet frå 2020 til 2050 syner grovt fortalt:

- 300 færre i aldersgruppa 0 – 19
- 900 færre i aldersgruppa 20 – 64
- 2600 fleire i aldersgruppa 65 år og eldre



Sitat frå NOU 2020: 15 Det handler om Norge (Demografiutvalet)


«Befolkningsnedgangen i distriktene har over tid vakt stor politisk bekymring, men blir ikke nødvendigvis den største utfordringen framover. Flyttestrømmen fra distriktene forventes å bli mindre. Det har sammenheng med at det blir færre unge, en gruppe som erfaringsvis flytter mye, og flere eldre, en gruppe som erfaringsvis flytter lite. Tendensen forsterkes av at de eldre også blir eldre enn før. En motstrøm av tilbakeflyttere og nykommere vil fortsette. Denne motstrømmen har alltid vært der, men har tradisjonelt fått liten oppmerksomhet. I tillegg vil fortsatt innvandring være viktig. Resultatet kan bli at folketallet stabiliseres i mange distriktskommuner, men at aldringen samtidig blir en større utfordring enn før.»


Utvalet har i sitt arbeid lagt til grunn at dei aktuelle utfordringane er knytt til tre forhold:

- Folketalsnedgang,
- Aldring
- Spreidd busetnad

Hallingdal er ein av få distriktsregionar som skårar høgt på bustadattraktivitet. Dette har m.a vore med på å halde folketallet relativt stabilt dei siste åra, slik at regionen klarar seg bra samanlikna med andre distriktsregionar. Me er ikkje like attraktive når det kjem til arbeidsplassar, næringsliv og sysselsetting. (Sjå figur)


Me har industri der det skjer spennande ting, me har næringar basert på lokale ressursar og me er gode på reiseliv. Dette skal me ta vare på, og utvikle, men me treng fleire føter å stå på. Ei av hovudutfordringane for Hallingdal er eit for einsidig næringsliv. Det fører til at me taper terreng samanlikna med andre regionar i Viken. Me treng derfor fleire arbeidsplassar som krev høgare utdanning og større variasjon.





Deltidsinnbyggjaren

Som ein av dei største reiselivsregionane i landet er deltidssinnbyggjaren ei viktig bruk- og ressursgruppe for Hallingdal. Det har heile tida vore ei klar oppfatning i Hallingdal at dei «anslag» som blir gjort i forhold til gjestedøgn for hyttehallingar og turistar er alt for låge. Hallingdal har over lengre tid nytta teledata som hjelpemiddel i samband med beredskap. Systemet har i tillegg gjeve interessante og nyttige tal å bruke elles for å måle trafikk. I Hallingdal er det gjort målingar kvar dag i ca. 18 mnd. Dette gjev eit unikt grunnlag for å vurdere faktisk tal på personar i kvar kommune og Hallingdal som region. Figuren under illustrerer dette.



Eit grovt anslag ut frå dei grunnlagsdata me har, gjev følgjande oversikt:

Snitt innb. pr. dag, totalt	46 724
Pluss 6% (utan mobil, avvik for SIM kort)	2 803
Fråtrekk innb. Hallingdal	-20 000
Fråtrekk ekstrern arbeidskraft	-1 000
Fråtrekk gjennomgangstrafikk	-1 000
Fråtrekk dagsturisme	-1 000
Gjestedøgn snitt pr. døgn	26 527
Gjestedøgn pr. år	9 682 355

Dette viser at det i gjennomsnitt pr. døgn, er langt fleire deltidsinnbyggjarar i Hallingdal, enn det er fastbuande. Det er her svært stor skilnad i forhold til dei tal som kjem fram ved å nytte tilgjengeleg statistikkgrunnlag.

Moglegheiter og konkurransefortrinn

Hallingdal.. :

- er ei merkevare
- er ein bu- og arbeidsregion
- har mindre reduksjon i befolkning og arbeidsplassar enn de fleste andre distriktskommunar
- er ein av dei største reiselivsregionane i landet
- har attraktive hytteområde og 18000 hyttehallingar som bidreg til mangfald og profilering
- har ei sentral geografisk plassering med kort avstand til både Osloområdet og Vestlandet.
- har gode bu- og oppvekstvilkår
- har attraktive og levande bygder
- har hovudferdselsårer aust-vest
- har eit godt regionalt samarbeid
- har attraktiv natur
- er fjellregionen i Viken

Fordi folk er forskjellige og har ulike preferansar for bukvalitet og karriere, har ein liten region som Hallingdal med eigenskapar som skil seg ut, moglegheiter for å differensiere seg frå konkurrerande regionar. Hallingdal har moglegheit til å spesialisere seg rundt næringar og kompetanseområde, der regionen sine spesielle eigenskapar står sentralt. Me har god plass, god tilgang på kraft og er godt eigna for næringar der lokalisering er underordna.

Verdigrunnlag

Korleis ønskjer me at regionen og folk i dalen skal framstå eller bli oppfatta av andre?

For å nå måla skal samarbeidet i Hallingdal ta utgangspunkt i eit felles verdigrunnlag som seier noko om korleis me vil at regionen og dei som bur her skal framstå eller bli oppfatta av andre. Desse haldningane skal prege samarbeidet i eigen organisasjon, mellom kommunane i Hallingdal, og samarbeidet med andre.

- LEIKEN:** Me jobbar på lag, er rause og inkluderande, og me skal tenke nytt når me saman skal utvikle Hallingdal. Me ynskjer å skapa møteplassar som motiverer, inspirerer og gjer arbeidet lystbetont.
- EKTA:** Me er høflege, opne og ærlege. Ekta viser også til det naturlege og autentiske. Me ønskjer å utvikle dei naturgitte fordelane i dalen og levere god kvalitet på alle område.
- FRI:** Hallingdal har god plass og flott natur der ein kan føle seg fri, men det viser også til mangfald og toleranse. Det er plass til alle og det er lov til å vera den ein er.
- FRISK:** Hallingdal skal vera ein god region å bu i og koma på besøk til og ein attraktiv region å arbeide i. Me skal vera livskraftige og vitale i arbeidet for å oppnå dette.

Overordna mål

Kvar skal Hallingdal vera når planperioden er over

Hallingdal er ein attraktiv, framtidsretta og produktiv region, der alle har mogelegheit til å leva eit godt liv, som innbyggjar, hyttehalling og besøkande.

Det betyr at me har fleire arbeidsplassar, positiv folketalsutvikling, betre livskvalitet og lågare klimautslepp enn i dag.

Hallingdal skal vera ein god region å bu og opphalde seg i. For å få til dette må me ha eit variert næringsliv og arbeidsplassar til alle. Ambisjonen er at den totale verdiskapinga skal auke og at me får til dette gjennom innovasjon og nyskaping i eit tett samarbeid mellom styresmakter, kunnskapsinstitusjonar og næringsliv. Vidare er det eit mål å utvikle eit moderne og livskraftig samfunn der me samstundes tek ta vare på naturen, miljøet og dei naturgitte fordelane me har i Hallingdal. (Smart Village-tankegang) Fordi me er små, er det eit mål at både samfunnsutvikling og utvikling av tenester skjer i tett samarbeid mellom kommunane i dalen, næringsliv, sentrale styresmakter og folk som bur og oppheld seg i dalen.

Innsatsområde og resultatmål

Kva skal me samarbeide om og kva skal me utvikle for å nå måla?

Innsatsområda våre er næringsrelaterte, men handlar også om andre aspekt som er viktige for at folk skal koma hit, trivast her og bli her. Livskvalitet, infrastruktur, berekraft og samarbeid er viktige område for Hallingdal.

NÆRINGSLEV

Hallingdal ønsker samarbeid på alle plan for å gi næringsaktørane betre grunnlag for verdiskaping, tilgang til kompetanse og forståing for å gjere seg nytte av moglegheitene som finst. I dette ligg også eit auka fokus på samarbeid og innovasjon mellom det offentlege og næringslivet. Variasjon og breidde i arbeidsmarknaden er avgjerande for å vere attraktive.

KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR

Hallingdal ønskjer felles satsing på betre infrastruktur på veg og bane for å auke attraktiviteten for næringsutvikling, busetjing og besøkande. Dette gjeld både internt i dalen og inn og ut av dalen. I tillegg er det ei kontinuerleg satsing på å betre den digitale infrastrukturen.

KLIMA OG MILJØ

Hallingdal skal vera eit berekraftige og moderne samfunn der både økonomiske, sosiale og miljømessige verdiar gjennomsyrrar det me gjer. Me vil ta i bruk forskning, ny teknologi og innovasjon for å skapa ein grønar dal, nye og betre tenester, nye samarbeidskonstellasjonar og nye typar forretningsmodellar i eit framtidretta samfunn.


ATTRAKTIVITET OG OMDØMME

Det skal vera attraktivt å bu, gå på skule, jobbe og ha fritid i Hallingdal. Her skal det vera trygt å vekse opp, godt og bu, og gjester skal bli tatt godt i mot. Hallingdal skal profilere seg på dette, framheve folk som ressurs og tydeleggjere at me er ein region der ein kan oppleve god livskvalitet.

TENESTEPRODUKSJON

Auka samarbeid mellom kommunane når det gjeld framtidretta og gode kommunale tenester for dei som bur og oppheld seg regionen.

Figur Strategisk plan for Hallingdal 2022 - 2025



Resultatmål pr. innsatsområde

NÆRINGS LIV

ARBEIDSPlassAR – INNOVASJON - KOMPETANSEBYGGING

- Vekst i verdiskapinga totalt sett for Hallingdal (lønnsamt næringsliv)
- Auke i talet på arbeidsplassar (inkl arbeidsplassar for unge, grønne arbeidsplassar, arbeidsplassar med krav til høgare utdanning, heilårsarbeidsplassar og statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar)
- Betre oppfølging av nyetablerte bedrifter slik at fleire blir i stand til å vekse og utvikle seg
- Fortsatt fokus på utvikling av eksisterande næringsliv
- Alle kommunar har nok tilgjengelege næringsareal
- Innovasjonssatsinga i Hallingdal er vidareført
- Auka innkjøp av lokale varer og tenester, som følgje av betre og meir tilpassa avtaler og betra innkjøpskompetanse.
- Tettare samarbeid om næringsarbeid og næringsetablering mellom kommunar, både om arealbruk og lokalisering av næringsverksemdar.
- Det er etablert fleire desentraliserte utdanningstilbod innan både fagskule og høgskulenivå
- Skule og næring jobbar tettare saman

INFRASTRUKTUR

JERNBANE – VEG – BREIBAND - KOLLEKTIVSATSING

- Det er vedtatt korttare reisetid til og frå Hallingdal (plandelen)
- Ringeriksbanen er påstarta
- Vegpakke Hallingdal er påstarta
- Betre kollektivtilbod og fleire kollektivavgangar
- Fleire bustader og fritidsbustader har fått fibertilknytning (fast og trådløs)
- Betra vinterregularitet på fjellovergangane
- Det er etablert fleire ladepunkt for el-bil og el-sykkel i Hallingdal

KLIMA OG MILJØ

EIN GRØNARE DAL – KLIMAUTSLEPP - AVFALLSHANDERING

- Dei totale klimautsleppa er redusert med 25% frå referanseåret 2009
- Det er innført sortering av alt avfall
- Mindre gods på veg, meir gods på bane
- Alle destinasjonar er sertifiserte som berekraftige reisemål
- Auke i talet på miljøfyrtårnsertifiserte bedrifter
- SMART VILLAGE tiltak er vurdert
- Hallingdal er etablert som ein «grøn region» m.a gjennom GRØN VEKST HALLINGDAL
- Hallingdal har eit betre og meir formalisert klimasamarbeid

ATTRAKTIVITET OG OMDØMME**LIVSKVALITET – STADSUTVIKLING - REKRUTTERING - PROFILERING**

- Hyttehallingar og besøkande oppheld seg lenger i Hallingdal.
- Talet på innbyggjarar i yrkesaktiv alder har stige med 1%.
- Fleire flyttar til og blir buande, og færre flytter frå.
- Hallingdal profilerer seg alltid som EIN bu og arbeidsregion i og utanfor regionen.
- Hallingdal profilerer seg betre mot eigne innbyggjarar.
- Målt livskvalitet har betra seg
- Innbyggjarar og hyttehallingar blir involvert i stads- og samfunnsutvikling.
- Hallingdal nyttar kunst og kultur som ei samfunnsbyggjande kraft og nyttar dette i utviklinga av regionen sin identitet knytt til kultur- og opplevingssnæring.
- Hallingdal har styrka det regionale samarbeidet i utviklinga av tilbod innan kultur og idrett.

TENESTEUTVIKLING**FAGMILJØ – SAMHANDLING – DIGITALISERING - KVALITET**

- Hallingdal har tatt i bruk ein felles digitaliseringsstrategi.
- Innbyggjarane i Hallingdal kommuniserer digitalt med kommunane gjennom heile livsløpet.
- Hallingdal samarbeider hensiktsmessig om kommunale fagområde der det er utfordrande for den enkelte kommune å ha eit godt nok, eige fagmiljø.» Hallingdal har vurdert kva planar som kan vera felles eller som kan samordnast.
- Kommunane ser på frivillige som ein ressurs i større grad enn før.
- Me har vurdert felles vikarpool i Hallingdal

Handlingsprogram 2023 – 2024

NÆRINGS LIV					
Næringsutvikling og arbeidsplassar		Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
1	Utvikle sykkelsatsinga i regionen for å skape fleire heilårs arbeidsplassar	Årleg	Tråkk'n Roll	Kommune, Næringa, RR	
2	Utvikle Hallingdal som ein meir «næringsvenleg region» Utarbeide ein digital portal med oversikt over alle ledige næringsareal, næringsstomter, ressurspersonar og støtteordningar. Vurdere etablering av investeringsfond	2023	Næringsforum	RR, HNH Kommune	
3	Arbeide aktivt for å få fleire statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar til regionen	Årleg	RR		
4	Starte opp «prosjekt Hyttehallingen»	2022	RR	Kommune og hyttefolk	
5	Starte prosjekt «Berekraftig vekst og utvikling for nystartatar i næringslivet»	2022	Hallingdal etablerer senter	HNH	
6	Utarbeide ein <u>regional innkjøpsstrategi</u> for å tilpasse utlysingar slik at lokale aktørar kan delta og på den måten bidra til å ivareta, styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv.	2023	Kommune		
7	Utgreie eit regionalt innkjøpskontor i Hallingdal Hovudoppgåver skal vera innkjøp og kontraktsoppfølging	2023	Kommune		Krev kom. finans
8	Arrangere yrkesmesse i Hallingdal	2023	RR	HNH	
9	Arbeide for å sikre og utvikle NORTURA	2022	RR	RR	
10	Gjennomføre Verdiskaping- og ringverknadsanalyse for Hallingdal	2022	Destinasjons-selskapa		Berekraftig reisemål
11	Gjennomføre omstillingsprogrammet «Sats på Hallingdal»: Utvikle eksisterande og nye næringar, skapa nye arbeidsplassar og meir variert næringsliv	2021-2024	RR	Kommune, næringsliv	
Nyskaping, innovasjon og entreprenørskap		Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
12	Etablere eit senter for innovasjon i Hallingdal	2022	HNH, Torpomoen	RR, HNH Kommune	
13	Styrke arbeidet med nyskaping, innovasjon og entreprenørskap i kommunane.	Årleg	Kommunane		

Kompetanseutvikling		Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
14	Arbeide for fleire og utvida desentraliserte studietilbod for høgare utdanning i Hallingdal	Årleg	RR, Kompetanserådet	Kommune, Næringa, FIV	
15	Arbeide meir oppsøkande mot studentar som er heimehøyrande i Hallingdal eller som vil til Hallingdal. <ul style="list-style-type: none"> • Kople studentar og bedrifter som tilbyr arbeidsplassar. • Synleggjera verdiskapingsprogram, internship-ordningar og karrieremoglegheiter 	2023	RR	Kommune	
16	Arbeide for tilrettelagt og relevant yrkesfagtilbod, og kople vidaregåande skule og lokalt næringsliv.	Årleg	RR, Kompetanserådet	RR, Viken Kommune, næringsliv	Partnerskap med Viken
17	Vidareføre Ungt entreprenørskap Hallingdal med intensjon om å utvide ordninga til VGS	Årleg	UE	RR, Viken	
18	Sikre tilstrekkeleg tal på lærlingplassar i Hallingdal. Kommunane skal tilby minst 2 lærlingplassar pr. 1000 innbyggjar.	2022	Kommune Næringsliv		

INFRASTRUKTUR					
Jernbane		Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
19	Arbeide aktivt for realisering av Ringeriksbanen <ul style="list-style-type: none"> • Sikre tilgjengeleg transport av sykklar og aktivitetsbasert utstyr på tog • Utarbeide ein påverknadsstrategi for avgangar, stoppestader, prisstruktur osv 	Årleg	RR, Samferdsels- utvalet	FNB, Vy	
Veg		Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
20	Vidareutvikle Hallingdalsløysinga: <ul style="list-style-type: none"> • Arbeide for utvikling av vegpakke Hallingdal, Rv7 og Rv52 i tråd med NTP 2022 – 2033 • Arbeide for betra vinterregularitet på fjellovergane • Jobbe med konsekvensar av stenging av Lærdalstunellen 	2023	Samferdsels- utvalet	Kommunar, Næringsliv Fylkeskommune n	
21	Få på plass fleire ladepunkt for el-sykel og el-bil, og arbeide for løysingar for fossilfrie tyngre kjøretøy	2023	Berekraftig reisemål, RR NÆRING	Kommune, Viken	Hafslund/ ECO,defa Vidju

Breiband		Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
22	Vidare breibandutbygging i samarbeid med Hallingdal Kraftnett	2023	RR	Kommune, VIKEN, HKN	
23	Arbeide for utbygging av 5G nettet	2023	IKT Hallingdal		
Kollektiv og trafikktryggleik		Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
24	Arbeide for betra kollektivtransport – herunder: <ul style="list-style-type: none"> Betre dimensjonering av tilbodet korrespondanse og samkøying - buss og tog Fleire avgangar med kollektivtransport i samband med helger og høgtider Kommunikasjon, marknadsføring 	2023	VIKEN, kommune Samferdsels utvalg	VY, Brakar	Partnerskaps avtale Viken
25	Sjå på moglege lokale transportordningar for gjester som reiser kollektivt (delingstenester)	2023	Viken, RR	Berekraftig reisemål	

KLIMA OG MILJØ					
Ein grønare dal (tydelegare organisering)		Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
26	Etablere eit berekraftssenter i Hallingdal (om dette blir konklusjonen til forprosjektet)	2023	Klimanettverk	kommune	
27	Utarbeide felles klimaplan i Hallingdal	2023	Klimanettverk	kommune	
28	Innføre klimaråd i kvar kommune	2023	Kommune		
29	Få på plass ein klimakoordinator i Hallingdal	2023	RR, kommune	VIKEN, SB1 stiftinga	
30	Innføre klimabudsjett og klimarekneskap i kvar kommune	2023	Kommune		Gol er pilot
31	Utarbeide felles retningslinjer for klimavennlige innkjøp	2023	Kommune	Viken	
Reduserte klimautslepp		Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
32	Delta i klima Viken	2023	Kommune		
33	Vidareføre Grøn Vekst Hallingdal	2022	RR	Eige prosjekt	Krev finansiering
Avfallshåndtering		Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
34	Etablere sortering på alt avfall	2023	RR, HR	Kommune, Næringa, RR	

ATTRAKTIVITET OG OMDØMME					
Livskvalitet		Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
35	Vidareføre bu og blilyst prosjekt i alle kommunar. Dette handlar om stadsutvikling, nyttilflytting, integrering, trivsel og involvering av dei som bur i dalen, mobilisering av frivillige osv	2023	kommune	Frivillige, næringsliv	
36	Oppfølging av funn i Livskvalitetsundersøkinga	2023	RR/ kommune	Kommune, FHI	
37	Vurdere innføring regionalt friluftsråd	2022	Kommune RR		Krev finansiering
Rekruttering		Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
38	Vidareutvikle jobb i Hallingdal	2023	RR		
39	Arrangere eit Hallingtreff pr år i dei store byane Singelfestival	Årleg	RR		
40	Arrangere singelfestival/møteplassar for single i Hallingdal	2024	Bu og blilyst		
41	Utarbeide ein rekrutteringsstrategi i Hallingdal for offentlig sektor	2023	Bu og blilyst KRU		
42	Arrangere ungdomens Hallingting	2023	HUR	RR	
Profilering		Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
43	Etablere ein overordna profileringskanal for Hallingdal. (Hallingdal.no)	202	RR	RR Kommune Næring	Prosjekt Kostnad 250 000
44	Vurdere ein stilling øymerka profilering og drift av Hallingdal.no + sosiale medier	2023	RR	RR, kommune næring	Kostnad 1.mill. pr. år
45	Arrangere vertskapskurs som inkluderer kunnskap om bærekraftig reiselivsutvikling annankvart år	2023	Destinasjon- selskapa	kommune	Berekraftig reiseliv
46	Styrke felles marknadsføring av Hallingdal som heilårsdestinasjon	2023	Destinasjon- selskapa	kommune	

TENESTEUTVIKLING					
Fagmiljø		Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
47	Vurdere og prioritere kva fagmiljø og kva tenester som bør/må samarbeide tettare for å betre kvalitet, økonomi eller redusere sårbarheit og styrke beredskap	2023	Rådmannsutvalet	Formannskapa	
48	Kartlegge kva planar og styringsdokument som kan være felles i Hallingdal	2023	Rådmannsutvalet		
49	Utvikle Hallinghelse som samarbeidsarena for helsetenester, beredskap og livskvalitet. Vurdere å utvikle eit forskingsmiljø ved Hallinghelse	2023	Rådmannsutvalet	Hallinghelse	
50	Betre det administrative tverrkommunale samarbeidet på tvers av fag og profesjonar.	2023	Rådmannsutvalet, RR		
51	Innarbeide velferdsteknologiprojektet i linjeorganisasjonen, samt få på plass ein regional ressurs.	2022	Kommunane		
52	Gje dei tverrkommunale fagmiljøa som sjølv ønskjer meir formalisert og tettare samarbeid, mandat til å konkretiser korleis dei vil gjera det. Dette gjeld: <ul style="list-style-type: none"> • Kulturområdet • Kulturskuleområdet • Planforum • Næringsforum 	2023	Rådmannsutvalget		
53	Utgje eit interkommunalt samarbeid innanfor demensomsorga i Hallingdal <ul style="list-style-type: none"> • Unge demente • Alvorleg demenssjukdom • Bustader 	2023	Kommunane HOF		
54	Utgje eit interkommunalt samarbeid til ressurskrevande brukarar	2023	Kommunane HOF		
Digitalisering		Tid	Ansvar	Involvering	Merknad
55	Innføre felles digitaliseringsstrategi i Hallingdal	2021	IKT	kommune	
56	Restrukturere organisering og leiing av digitale tenester og løysingar	2023	IKT	kommune	
57	Samordne bruken av digitale løysingar i kommunane	2023	IKT	kommune	
58	Delta i DigiViken	2022	IKT	kommune	

